Budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030

Felles framlegg frå Sykkylven FrP og Høgre | Revidert 26. november

FrP og Høgre legg fram eit budsjett med ansvarleg økonomisk styring, sosial tryggleik, førebygging og gode kommunale tenester. Kommunedirektøren si tilråding vert lagd til grunn med dei prioriteringane og løyvingane som går fram av dette framlegget.

Sosial profil. Vi prioriterer tidleg innsats for barn og unge, aktivitet og livskvalitet for eldre og avlastning for pårørande. Samstundes ønskjer vi å skjerme innbyggjarane mot auka eigedomsskatt. Førebygging kan redusere behovet for meir omfattande og kostnadskrevjande tenester på lengre sikt.

Eigedomsskatt

Satsen vert fastsett til 3,1 promille i 2027, som i 2026. Mål: 3,0 i 2028, 2,9 i 2029 og 2,8 i 2030, under føresetnad av realiserte gevinstar. Dei andre vilkåra i vedtakspunkt 6 vert vidareførte.

Helse og omsorg

BUAS har ei ramme på 105 mill. kr årleg. Dagsenter/avlastning: Vidareför 0,5 årsverk pleieassistent (360 000 kr årleg) for aktivitet, sosial kontakt og avlastning for pårørande.

Oppvekst

Vidareför 0,4 årsverk i skulehelsetenesta (157 000 kr i 2027, deretter 314 000 kr årleg). Lågterskeltilbod og tidleg innsats for psykisk helse og skulefråvær vert skjerma. 170 000 kr årleg til symjeopplæring for førskulebarn i samarbeid med SIL Symjing.

Samfunn og veg

Oppretthald kommunalt vegvedlikehald med 900 000 kr årleg og brøyting med 100 000 kr årleg.

Berekraftig drift og framtidsretta tenesteutvikling

Kommunedirektøren skal utarbeide ein heilskapleg plan for betre ressursutnytting gjennom organisasjonsutvikling, forenkling av arbeidsprosessar, digitalisering og ny teknologi. Planen skal ha konkrete, målbare netto gevinstmål og årleg rapportering til kommunestyret. Lovpålagde oppgåver og kvaliteten på tenestene skal sikrast.

Organisasjon og politisk styring

Kommunedirektøren sine øvrige rammer vert vidareførte. Kontrollutvalet si budsjettramme på 1,723 mill. kr vert vidareført. Vedtakspunkt 9 vert erstatta med: Godtgjersla til ordføraren vert fastsett i samsvar med gjeldande forskrift.

Løypekøyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til kutt i løypekøyringa vert reversert. Det er inngått avtale mellom Sykkylven kommune og Sykkylven skisenter om løypekøyring. Finansieringa vert avklart ved revidering av budsjettet.

Framlegg til vedtak

Kommunedirektøren si tilråding med FrP og Høgre sine endringar | Punkt 1–6

1. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, inkludert investeringsbudsjett 2027, slik det går fram av oppstillinga løyvingsoversikt etter § 5-5, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument. Løyvingane til dei einskilde investeringsprosjekta vert fastsett slik som går fram av løyvingsoversikt «Investeringar i varige driftsmiddel» og løyvingsoversikt «Tilskot til andre sine investeringar», begge etter § 5-5, 2. ledd.

2. Kommunestyret vedtek ei låneramme på kr 9.760.000 til finansiering av investeringsprosjekt i 2027, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å ta opp likviditetslån eller opprette trekkrett innafor ei ramme på 30 mill. kroner.

4. Kommunestyret vedtek låneopptak for inntil 10 mill. kroner til Startlån i 2027.

5. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, mellom anna for driftsbudsjett 2027, slik som går fram av oppstillinga løyvingsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument. Løyvingane i form av nettoramme til dei einskilde budsjettområda, vert fastsett slik som går fram av oversikten etter § 5-4, 2. ledd.

6. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomskatt etter §§ 2 og 3 i Lov om eigedomsskatt til kommunane. Eigedomsskatten skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen unnateke næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Satsen for eigedomsskatt for 2027 skal vere 3,1 promille. Forfall vert sett til 15. juni og 15. november.

Kommunestyret vedtek fritak for eigedomsskatt for 2027 i tråd med eigedomsskattelova § 7 bokstav a og b, i samsvar med listene som vert lagde ut i den offentlege eigedomsskattelista. Dette er ei vidareføring av fritaka frå tidlegare år i Sykkylven kommune.

Framlegg til vedtak

Kommunedirektøren si tilråding med FrP og Høgre sine endringar | Punkt 7–12

7. Skatt på inntekt og formue for forskotspliktige skattytarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

8. Kommunestyret fastsett nye satsar for gebyr, eigenbetalingssatsar mv. i 2027, slik endringane har blitt vedtekne i eigne saker. Kommunestyret vedtek generell auke i prisane for 2027 med 3,8 % for tenester som ikkje er spesifikt omhandla i desse sakene.

9. Godtgjersla til ordføraren vert fastsett i samsvar med gjeldande forskrift.

10. Totalt driftstilskot til Sykkylven kyrkjelege fellesråd blir sett til kr 5.356.100. Generelt investeringstilskot kr 300.000.

11. Budsjett til kontroll og revisjon (jf. forslag frå Sykkylven kontrollutval) blir sett til kr 1.723.000 fordelt slik:

Kontrollutvalet – møtegodtgjersle og kurs kr 192.000

Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS) kr 441.000

Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1.090.000

1. Rekneskapsrevisjon kr 650.000

2. Forvaltningsrevisjon kr 440.000

12. Finansielle måltal for Sykkylven kommune skal vere:

• Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.

• Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter innan 2030.

• Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 120 % innan 2030 og 100 % innan 2035.

Finansiering og økonomiplan

Beløp i mill. kr | Inntekter og overskot positive - utgifter og disponeringar negative

I 2027 vert samla utbytte frå Sykkylven Energi budsjettert til 19,5 mill. kr, føresett forsvarleg utbytte. Det ekstraordinære utbyttet medverkar til finansiering av uendra eigedomsskattesats. Inntekts- og formuesskatt vert budsjettert 2,0 mill. kr høgare enn kommunedirektøren si innstilling.

Budsjett og økonomiplan	2027	2028	2029	2030
Eigedomsskattesats	3,1 ‰	3,0 ‰	2,9 ‰	2,8 ‰
Eigedomsskatteinntekter	18,910	18,930	18,929	18,906
Mål for netto effektiviseringsgevinst	0	6,674	10,674	13,674
Netto driftsresultat	3,173	1,390	10,696	14,483
Netto driftsresultat i prosent	0,39 %	0,17 %	1,33 %	1,80 %
Avsetning til disposisjonsfond	-2,323	-0,560	-9,866	-13,653
Samla investeringsutgifter	-27,790	-35,500	-30,550	-33,750

Investering og lån

Kommunedirektøren sitt investeringsbudsjett og prosjektløyvingar vert vidareførte. Låneramme 2027: 9,760 mill. kr med 30 års nedbetalingstid. Startlån: inntil 10 mill. kr. Likviditetslån/trekkrett: 30 mill. kr.

Føresetnader for økonomiplanen

Gevinstmåla er årlege netto mål. Dei to nye tiltaka krev 674 000 kr varig inndekning frå 2028, innarbeidd i dei førebels ufordelte gevinstmåla. Kommunedirektøren må konkretisere og kvalitetssikre tiltak, skatteanslag, utbytte og eigedomsskatteproveny før vedtak. Nedtrapping av eigedomsskatten føreset realiserte gevinstar. Finansielle måltal: netto driftsresultat minst 1,75 % over tid, disposisjonsfond minst 10 % av brutto driftsinntekter innan 2030 og netto lånegjeld under 120 % innan 2030. Resultatmålet vert nådd i 2030 etter føresetnadene; fondsmålet er framleis ikkje nådd. Gjeldsmåla er under 120 % innan 2030 og under 100 % innan 2035, og skal følgjast opp i økonomiplanen.

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1 000 kr | Positive tal = inntekter / finansiering, negative tal = utgifter / disponeringar

Beløp i 1 000 kr	2027			2028			2029			2030		
	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag
Rammetilskot	337 424	0	337 424	336 598	0	336 598	336 586	0	336 586	336 600	0	336 600
Inntekt- og formuesskatt	299 073	2 000	301 073	299 073	0	299 073	299 073	0	299 073	299 073	0	299 073
Eigedomsskatt	24 400	-5 490	18 910	25 240	-6 310	18 930	26 109	-7 180	18 929	27 009	-8 103	18 906
Andre generelle driftsinntekter	36 045	0	36 045	36 275	0	36 275	36 045	0	36 045	36 275	0	36 275
Sum generelle driftsinntekter	696 942	-3 490	693 452	697 186	-6 310	690 876	697 813	-7 180	690 633	698 957	-8 103	690 854
Korrigert sum løyvingar drift, netto	-632 492	-1 687	-634 179	-630 837	4 830	-626 007	-628 837	8 830	-620 007	-628 837	11 830	-617 007
Avskrivingar	-33 440	0	-33 440	-33 440	0	-33 440	-33 440	0	-33 440	-33 440	0	-33 440
Sum netto driftsutgifter	-665 932	-1 687	-667 619	-664 277	4 830	-659 447	-662 277	8 830	-653 447	-662 277	11 830	-650 447
Brutto driftsresultat	31 010	-5 177	25 833	32 909	-1 480	31 429	35 536	1 650	37 186	36 680	3 727	40 407
Renteinntekter	4 280	0	4 280	4 035	0	4 035	3 897	0	3 897	3 766	0	3 766
Utbytte	17 000	2 500	19 500	12 000	0	12 000	12 000	0	12 000	12 000	0	12 000
Gevinstar/tap finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	-48 700	0	-48 700	-48 334	0	-48 334	-44 647	0	-44 647	-43 950	0	-43 950
Avdrag på lån	-31 180	0	-31 180	-31 180	0	-31 180	-31 180	0	-31 180	-31 180	0	-31 180
Netto finansutgifter	-58 600	2 500	-56 100	-63 479	0	-63 479	-59 930	0	-59 930	-59 364	0	-59 364
Motpost avskrivingar	33 440	0	33 440	33 440	0	33 440	33 440	0	33 440	33 440	0	33 440
Netto driftsresultat	5 850	-2 677	3 173	2 870	-1 480	1 390	9 046	1 650	10 696	10 756	3 727	14 483
Overføring til investering	-1 520	0	-1 520	-1 500	0	-1 500	-1 500	0	-1 500	-1 500	0	-1 500
Avsetningar til bundne driftsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	670	0	670	670	0	670	670	0	670	670	0	670
Avsetningar til disposisjonsfond	-5 000	2 677	-2 323	-2 040	1 480	-560	-8 216	-1 650	-9 866	-9 926	-3 727	-13 653
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar/dekning av resultat	-5 850	2 677	-3 173	-2 870	1 480	-1 390	-9 046	-1 650	-10 696	-10 756	-3 727	-14 483
Framført til inndekning (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Innst. = kommunedirektøren; endring = forslag minus innstilling. Gjeldande avrundingsdifferansar i grunnlaget er vidareførte. Gevinstmål 2028-2030 må konkretiserast.

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1 000 kr | Positive tal = inntekter / finansiering, negative tal = utgifter / disponeringar

Beløp i 1 000 kr	2027			2028			2029			2030		
	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag
BARNEHAGE	-82 630	-170	-82 800	-82 630	-170	-82 800	-82 630	-170	-82 800	-82 630	-170	-82 800
GRUNNSKULE/BARNE- OG FAMILIETENESTENE	-177 575	-157	-177 732	-176 000	-314	-176 314	-176 000	-314	-176 314	-176 000	-314	-176 314
HELSE OG OMSORG	-263 402	-360	-263 762	-263 322	-360	-263 682	-261 322	-360	-261 682	-261 322	-360	-261 682
KULTUR	-9 294	0	-9 294	-9 294	0	-9 294	-9 294	0	-9 294	-9 294	0	-9 294
SAMFUNN	-44 480	-1 000	-45 480	-44 480	-1 000	-45 480	-44 480	-1 000	-45 480	-44 480	-1 000	-45 480
SAMLA STABSOMRÅDET	-41 768	0	-41 768	-41 768	0	-41 768	-41 768	0	-41 768	-41 768	0	-41 768
POLITISK STYRING	-12 193	0	-12 193	-12 193	0	-12 193	-12 193	0	-12 193	-12 193	0	-12 193
FINANSIERING	-480	0	-480	-480	0	-480	-480	0	-480	-480	0	-480
Effektivisering - førebels ufordelt	0	0	0	0	6 674	6 674	0	10 674	10 674	0	13 674	13 674
Sum løyvingar drift, netto	-631 822	-1 687	-633 509	-630 167	4 830	-625 337	-628 167	8 830	-619 337	-628 167	11 830	-616 337
Avskrivingar	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Netto renteutgifter og -inntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	670	0	670	670	0	670	670	0	670	670	0	670
Avsetningar til disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	-632 492	-1 687	-634 179	-630 837	4 830	-626 007	-628 837	8 830	-620 007	-628 837	11 830	-617 007

Skulehelsetenesta er førebels lagd til grunnskule/barne- og familietenestene. Endeleg ansvarsplassering må stadfestast. Gevinstmåla er ufordelte og må fordelast på konkrete tenesteområde før vedtak.

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1 000 kr | Positive tal = inntekter / finansiering, negative tal = utgifter / disponeringar

Beløp i 1 000 kr	2027			2028			2029			2030		
	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag
Investeringar i varige driftsmidlar	-25 970	0	-25 970	-33 700	0	-33 700	-28 750	0	-28 750	-31 950	0	-31 950
Tilskot til andre sine investeringar	-300	0	-300	-300	0	-300	-300	0	-300	-300	0	-300
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	-1 520	0	-1 520	-1 500	0	-1 500	-1 500	0	-1 500	-1 500	0	-1 500
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	-27 790	0	-27 790	-35 500	0	-35 500	-30 550	0	-30 550	-33 750	0	-33 750
Kompensasjon for meirverdiavgift	4 910	0	4 910	6 740	0	6 740	5 950	0	5 950	7 390	0	7 390
Tilskot frå andre	11 600	0	11 600	19 600	0	19 600	15 600	0	15 600	16 000	0	16 000
Sal av varige driftmiddel	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	9 760	0	9 760	7 660	0	7 660	7 500	0	7 500	8 860	0	8 860
Sum investeringsinntekter	26 270	0	26 270	34 000	0	34 000	29 050	0	29 050	32 250	0	32 250
Vidareutlån	-10 000	0	-10 000	-10 000	0	-10 000	-10 000	0	-10 000	-10 000	0	-10 000
Bruk av lån til vidareutlån	10 000	0	10 000	10 000	0	10 000	10 000	0	10 000	10 000	0	10 000
Avdrag på lån til vidareutlån	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	1 520	0	1 520	1 500	0	1 500	1 500	0	1 500	1 500	0	1 500
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	1 520	0	1 520	1 500	0	1 500	1 500	0	1 500	1 500	0	1 500
Framført til inndekning i seinare år	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Uendra frå kommunedirektøren si innstilling. Løyvingsoversikt etter § 5-5 andre ledd: prosjektløyvingane følgjer kommunedirektøren sitt budsjettframlegg i Framsikt.

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1 000 kr | Positive tal = inntekter / finansiering, negative tal = utgifter / disponeringar

Beløp i 1 000 kr	2027			2028			2029			2030		
	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag	Innst.	Endring	Forslag
Rammetilskot	337 424	0	337 424	336 598	0	336 598	336 586	0	336 586	336 600	0	336 600
Skatt på inntekt og formue	299 073	2 000	301 073	299 073	0	299 073	299 073	0	299 073	299 073	0	299 073
Eigedomsskatt	24 400	-5 490	18 910	25 240	-6 310	18 930	26 109	-7 180	18 929	27 009	-8 103	18 906
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Andre overføringar og tilskot frå staten	36 045	0	36 045	36 275	0	36 275	36 045	0	36 045	36 275	0	36 275
Overføringar og tilskot frå andre	73 632	0	73 632	72 632	0	72 632	72 632	0	72 632	72 632	0	72 632
Brukarbetalingar	19 114	0	19 114	19 114	0	19 114	19 114	0	19 114	19 114	0	19 114
Sals- og leigeinntekter	21 807	0	21 807	21 807	0	21 807	21 807	0	21 807	21 807	0	21 807
Sum driftsinntekter	811 496	-3 490	808 006	810 740	-6 310	804 430	811 367	-7 180	804 187	812 511	-8 103	804 408
Utgifter til løn	-434 941	0	-434 941	-431 861	0	-431 861	-431 773	0	-431 773	-431 773	0	-431 773
Sosiale utgifter	-106 399	0	-106 399	-105 402	0	-105 402	-105 374	0	-105 374	-105 374	0	-105 374
Kjøp av varer og tenester*	-165 367	-1 170	-166 537	-166 789	-1 170	-167 959	-164 905	-1 170	-166 075	-164 905	-1 170	-166 075
Overføringar og tilskot til andre	-40 338	0	-40 338	-40 338	0	-40 338	-40 338	0	-40 338	-40 338	0	-40 338
Avskrivingar	-33 440	0	-33 440	-33 440	0	-33 440	-33 440	0	-33 440	-33 440	0	-33 440
Vidareført bemanning - førebels ufordelt	0	-517	-517	0	-674	-674	0	-674	-674	0	-674	-674
Effektivisering - førebels ufordelt	0	0	0	0	6 674	6 674	0	10 674	10 674	0	13 674	13 674
Sum driftsutgifter	-780 486	-1 687	-782 173	-777 831	4 830	-773 001	-775 831	8 830	-767 001	-775 831	11 830	-764 001
Brutto driftsresultat	31 010	-5 177	25 833	32 909	-1 480	31 429	35 536	1 650	37 186	36 680	3 727	40 407
Renteinntekter	4 280	0	4 280	4 035	0	4 035	3 897	0	3 897	3 766	0	3 766
Utbytte	17 000	2 500	19 500	12 000	0	12 000	12 000	0	12 000	12 000	0	12 000
Gevinstar/tap finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	-48 700	0	-48 700	-48 334	0	-48 334	-44 647	0	-44 647	-43 950	0	-43 950
Avdrag på lån	-31 180	0	-31 180	-31 180	0	-31 180	-31 180	0	-31 180	-31 180	0	-31 180
Netto finansutgifter	-58 600	2 500	-56 100	-63 479	0	-63 479	-59 930	0	-59 930	-59 364	0	-59 364
Motpost avskrivingar	33 440	0	33 440	33 440	0	33 440	33 440	0	33 440	33 440	0	33 440
Netto driftsresultat	5 850	-2 677	3 173	2 870	-1 480	1 390	9 046	1 650	10 696	10 756	3 727	14 483
Overføring til investering	-1 520	0	-1 520	-1 500	0	-1 500	-1 500	0	-1 500	-1 500	0	-1 500
Avsetningar til bundne driftsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	670	0	670	670	0	670	670	0	670	670	0	670
Avsetningar til disposisjonsfond	-5 000	2 677	-2 323	-2 040	1 480	-560	-8 216	-1 650	-9 866	-9 926	-3 727	-13 653
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar/dekning av resultat	-5 850	2 677	-3 173	-2 870	1 480	-1 390	-9 046	-1 650	-10 696	-10 756	-3 727	-14 483
Framført til inndekning (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Vidareført bemanning er førebels vist samla; fordel på løn og sosiale utgifter før vedtak. Gevinstmåla må fordelast på utgiftsartar. Avrundingsdifferansar i grunnlaget er vidareførte.